



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: Verneområdestyret for SVR
Møtested: E-post møte
Dato: 15.03.2019
Tidspunkt:

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
----------------------------	----------------

- | | |
|----------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| ST 10/19 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| ST 11/19 | Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar |
| ST 12/19 | Klage på verneområdestyret sitt vedtak om å tillate bygging av driftehusvære ved Ormsavatn, 6/14 i Bykle kommune. |
| ST 13/19 | Klage på verneområdestyret sitt vedtak om å tillate preparering av skiløype til Sloraos turisthytte i Bykle. Vurdering om vedtaket skal gjevast oppsettande verknad. |

ST 10/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

**ST 11/19 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen
saman med styreleiar**



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2019/917-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	12/19	15.03.2019

Klage på verneområdestyret sitt vedtak om å tillate bygging av driftshusvære ved Ormsavatn, 6/14 i Bykle kommune. Vurdering om vedtaket skal gjevast oppsettande verknad.

Forvalters innstilling

Verneområdestyret gir oppsettande verknad for vedtak fatta 7.2.2019 om løyve til å bygge driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle. Dette gjeld til klagesaken er avgjort.

Saka er vurdert etter forvaltningslova § 42.

Saksopplysninger

Verneområdestyret sitt vedtak i styremøte 7.2.2019 om å tillate bygging av driftshusvære ved Ormsavatn i Bykle vart påklaga av Fylkesmannen i Agder i brev datert 1.3.2019. Klagen i sin heilskap vart sendt verneområdestyrte på mail datert 8.3.2019. Søkar er informert om klagen.

Vidare gang i saka er at verneområdestyret som ein del av saksførebuinga i klagesaker (ref. Forvaltningslova § 33) handsamar saka på nytt. Om verneområdestyret opprettheld tidlegare vedtak vert saka sendt Miljødirektoratet for avgjerd. Neste møte i verneområdestyrte er sett opp i juni. Om vedtaket vert oppretthalden og saka sendt vidare til Miljødirektoratet, vil ei endeleg avgjer først ligge føre eit stykke ut på hausten 2019.

I møte 8.3.2019 drøfta arbeidsutvalet om det var aktuelt å gi vedtaket oppsettande verknad etter § 42 i forvaltningslova om *Utsatt iverksetting av vedtaket*. Her går det fram at underinstansen (i dette tilfelle verneområdestyret) kan avgjere at vedtak ikkje skal settast i verk før klagen er avgjort. Verneområdestyret skal i denne saka ta ei avgjer om oppsettande verknad. Ei slik avgjer er endeleg slik at ingen av partane har høve til å klage på dette.



Om bruk av § 42 i forvaltningslova

Hovudregelen er at eit vedtak kan settast i verk straks det er fatta. Oppsettande verknad er i første rekke aktuelt der gjennomføring av vedtaket vil føre til irreversible konsekvensar som gjer klagehandsaming lite reell. I saka må ein vurdere kva skader eller ulempe som kan oppstå ved iverksetting før klagen er avgjort. Vidare må dette vurderast opp i mot dei interesser det offentlege eller private har i at vedtaket vert sett i verk utan opphald.

Vurdering

Av forvaltningslova § 42 første setning går det fram følgjande: *Underinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort.* I daglegtale gjerne nemnd som oppsettande verknad.

Verneområdestyret har inga praksis med å gi eit vedtak oppsettande verknad. Frå andre område veit ein at slike sakar i første rekke vert aktualisert der klagar ber særskilt om dette. Det er ikkje tilfelle i denne saka. Mest aktuelt vil det truleg vera i dei tilfelle saka gjeld irreversible tiltak som til dømes enkelte byggetiltak. Generelt gjeld uansett prinsippet at om tiltakshavar gjennomfører tiltaket før klagesaka er avgjort, skjer dette på eigen risiko.

Når søkar har andre naudsynte løyver på plass (motorferdselløyve og byggeløyve frå kommunen) kan han i prinsippet starte bygging. Om han vel å gå i gong skjer dette uansett på eigen risiko. Det er generelt ein særskilt høg terskel for å kunne tillate oppføring av nye bygningar i verneområdet. På bakgrunn av utfallet av liknande klagesaker er det ein relativt stor sjanse for at vedtaket vert oppheva i ei eventuell klagehandsaming i Miljødirektoratet. Det bør og vera i søkars interesse at det ikkje vert lagt ned arbeid i tiltaket før ein veit om vedtaket vert ståande. Det synast såleis mest ryddig om det vert gjeven oppsettande verknad av vedtaket til klagen er avgjort

Konklusjon

Det vert gjeve oppsettande verknad av vedtaket fatta av verneområdestyret 7.2.2019.

Kopi:

Jo Breivegen (søkar)

Bykle kommune

Fylkesmannen i Agder





Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 788 Stoa
4809 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@fylkesmannen.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2018/1426-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 13.03.2019

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR	13/19	15.03.2019

Klage på verneområdestyret sitt vedtak om å tillate preparering av skiløype til Sloaros turisthytte i Bykle. Vurdering om vedtaket skal gjevast oppsettande verknad.

Forvalters innstilling

Verneområdestyret gir ikkje oppsettande verknad for vedtak fatta 7.2.2019 om løyve til å preparere skiløypa til Sloaros i Bykle. Saka er vurdert etter forvaltningslova § 42.

Saksopplysninger

Verneområdestyret sitt vedtak i styremøte 7.2.2019 om å tillate preparering av skiløype til Sloaros turisthytte i Bykle vart påklaga av villreinnemnda for setesdalsområdet i brev datert 22.2.2019. Klagen i sin heilskap vart sendt verneområdestyrte på mail datert 8.3.2019. Søkar Bykle kommune er informert om klagen.

Vidare gang i saka er at verneområdestyret som ein del av saksførebuinga i klagesaker (ref. Forvaltningslova § 33) handsamar saka på nytt. Om verneområdestyret opprettheld tidlegare vedtak vert saka sendt Miljødirektoratet for avgjerd. Neste møte i verneområdestyrte er sett opp i juni. Om vedtaket vert oppretthalden og saka sendt vidare til Miljødirektoratet, vil ei endeleg avgjer først ligge føre eit stykke ut på hausten 2019.

I møte 8.3.2019 drøfta arbeidsutvalet om det var aktuelt å gi vedtaket oppsettande verknad etter § 42 i forvaltningslova om *Utsatt iverksetting av vedtaket*. Her går det fram at underinstansen (i dette tilfelle verneområdestyret) kan avgjere at vedtak ikkje skal settast i verk før klagen er avgjort. Verneområdestyret skal i denne saka ta ei avgjer om oppsettande verknad. Ei slik avgjer er endeleg slik at ingen av partane har høve til å klage på dette.



Om bruk av § 42 i forvaltningslova

Hovudregelen er at eit vedtak kan settast i verk straks det er fatta. Oppsettande verknad er i første rekke aktuelt der gjennomføring av vedtaket vil føre til irreversible konsekvensar som gjer klagehandsaming lite reell. I saka må ein vurdere kva skader eller ulempe som kan oppstå ved iverksetting før klagen er avgjort. Vidare må dette vurderast opp i mot dei interesser det offentlege eller private har i at vedtaket vert sett i verk utan opphald.

Vurdering

Av forvaltningslova § 42 første setning går det fram følgjande: *Underinstansen, klageinstans eller annet overordnet organ kan beslutte at vedtak ikke skal iverksettes før klagefristen er ute eller klagen er avgjort.* I daglegtale gjerne nemnd som oppsettande verknad.

Verneområdestyret har inga praksis med å gi eit vedtak oppsettande verknad. Frå andre område veit ein at slike sakar i første rekke vert aktualisert der klagar ber særskilt om dette. Det er ikkje tilfelle i denne saka. Mest aktuelt vil det truleg vera i dei tilfelle saka gjeld irreversible tiltak som til dømes enkelte byggetiltak. Generelt gjeld uansett prinsippet at om tiltakshavar gjennomfører tiltaket før klagesaka er avgjort skjer dette på eigen risiko.

I dette tilfelle gjeld saka preparering av skiløyper. Så langt ein veit er det starta preparering i tråd med vedtak, men berre på dei første 6 km av strekinga. Dette som følgje av lite snø fram til no. Mellom vinterferien og påske er det berre i helgane det er opna for preparering. Innan styret har fatta vedtak er det berre tre helger att fram til påske.

Forvaltar hadde ei annan innstilling i saka enn vedtaket verneområdestyrte fatta. Forvaltar kan på grunn av den svært avgrensa perioden med løypepreparering likevel ikkje sjå at det er tungtvegande grunnar til å stoppe prepareringa inneverande sesong.

Konklusjon

Det vert ikkje gjeve oppsettande verknad av vedtaket fatta av verneområdestyret 7.2.2019.

Kopi:

Bykle kommune

Fylkesmannen i Agder

Villreinnemnda for Setesdalsområdet